



RADØY KOMMUNE  
Austebrygd skule og barnehage,  
Slettevegen 872,  
5939 Sletta

**Til alle føresette i Austebrygd skule og barnehage.**

Sjå vedlagde skriv, som er ein kopi av det Hordabø skule i dag har sendt ut til alle heimane sine.

Ber om at alle snakkar heime om saka, og slik at også heimane i Austebrygd-krinsen følgjer dei råda som rektor på Hordabø skule gir.

Austebrygd skule og barnehage, 19.september 2014

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
Torunn Tolleshaug Hovden  
rektor/styrar



# Radøy kommune

Hordabø skule

Føresette ved Hordabø skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2410 - 14/10222

Saksbehandlar:

Hanne-Mari Engen

hanne-mari.engen@radoy.kommune.no

Dato:

19.09.2014

## Informasjon til heimen

Me har fått melding i dag om at ein av våre elevar på 6. trinn vart stoppa på veg heim frå skulen i går, av ein mann i raud varebil. Mannen var skalla, hadde svart frakk, svart/grått langt skjegg, og snakka gebrokkent norsk. Dette skjedde på vegen ved kyrkjegarden på Bø. Mannen rulla ned vindauge og spurte: «Vil du sitte på?» Vår elev gjekk berre der i frå, og det skjedde ikkje noko meir.

På generelt grunnlag ber me dykk minna ungane på at dei ikkje må følgja med framande.

Om nokon av ungane har opplevd noko liknande må de gje beskjed til meg snarast på telefon 56346270 eller mail: hanne-mari.engen@radoy.kommune.no. Skulen samarbeider med andre offentlege instansar for å følgja opp saka. Ungar som skal gå/sykla åleine heim ringar me heim til før skuletid i dag, for å sikra at dei kjem seg trygt heim. Me har også informert i alle klassane at me ikkje følgjer med framande. Skulen har sett inn ekstra inspeksjon før og etter skuletid, og kjem til å fortsetja med det neste veke.

Med helsing

Hanne-Mari Engen  
rektor Hordabø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Føresette ved Hordabø skule